



Årets grovfôr kvalitet: – Bra energiverdi, men kva med proteinet?

Forfatter

Helga Kvamsås, Topp Team Fôring Geit TINE

Sammendrag

Rapportar frå ulike deler av landet tyder på at årets grasavlingar er gode, men sjekk kvaliteten på grovfôret.

Publisert

2015

Referanse

Sau og Geit 5/2015

Utskriftsdato

28.11.2022 www.fag.nsg.no

– Bra energiverdi, men kva med proteinet?

Rapportar frå ulike deler av landet tyder på at årets grassavlingar er gode, men sjekk kvaliteten på grovføret.

I TINE sin grovførdatabase er det til no kome inn 700-800 grassurførprøver frå 1. slåttan og det går an å danne seg eit bilete av kva som karakteriserer grovførkvaliteten i år.

I fjor var innhaustingssesongen tørt og varm. Hos mange resulterte dette i svært høgt innhald av iNDF (ufordøyeleg fiber) og dermed låg energiverdi av grovføret. I år har både vekstsesongen og til dels innhaustingsperioden vore prega av låge temperaturar og mykje nedbør. Det er vanskeleg å bedømme innhaldet i føret ut frå korleis det ser og kjennest ut. Innhald av råprotein, sukker, NDF (fiber), iNDF og energi er vanskeleg å anslå. Energiverdi og proteininnhald er svært viktig for val av kraftfôrtype og -mengde.

Lågare innhald av iNDF og høgare energiverdi

Føranalysane syner at innhaldet av NDF (fiber) er om lag som i fjor, men andelen som er ufordøyeleg (iNDF) er lågare. Det betyr at grovføret har høgare fordøyelegheit og energiverdien er jamt over høgare i år. Mykje grovfør med bra energiinnhald kan gi grunnlag for å utfordre geitene til å ete meir grovfør og bruke mindre kraftfør. Mykje grovfør i rasjonen gir godt utgangspunkt for god vomfunksjon, gunstig vomgjæring og dermed høg feittprosent i mjølka.

Lågare innhald av råprotein – pass på PBV-nivå i førrasjonen

Innhaldet av råprotein i grovføret har dei siste åra lege opp mot 16%. I år er det lågare, og ligg ned mot 14%. Dette er ein betydeleg reduksjon. Ved

vomgjæringa vert ein meir eller mindre del av protein i føret brote ned til ammoniakk (NH³) og enkle nitrogenbindingar. Dette nyttar vommikrobane til byggjemateriale for eige kroppsprotein. Overskot av ammoniakk blir skilt ut med urinen (urea). Stort NH³-overskot betyr energitap og belastning for geita. Ved for lite ammoniakk i vomma blir mikrobeveksten hemma. Dette reduserer fordøyinga av grovføret og gir lågare grovføropptak. Etter kvart som mikrobane vert ført med førmassen til løypemagen og tarmene og går til grunne, vert kroppsprotein deira fordøydd og absorbert frå fordøyingsskanalen. Mikrobeprotein er ei betydeleg proteinkjelde for geitene. PBV-balansen i vomma er såleis viktig for fordøying og opptak av grovfør, proteinforsyning og energiutnytting.

Sukkerinnhaldet held seg oppe

Sukkerinnhaldet i grovføret ser ut til å vere om lag på nivå med fjoråret, trass i kaldt og vått ver. Sukker er gunstig for føropptak og for feittprosenten i mjølka.

Lågare tørrstoffprosent og høgare ammoniakkinnhald kan påverke føropptaket

Tørrstoffinnhaldet ligg om lag 3 prosenteningar lågare enn gjennomsnittet i fjor og innhaldet av ammoniakk er relativt høgt. Geitene er ikkje glade i vått fôr. Både tørrstoffinnhald og innhald av gjæringsprodukt er viktige parameter å ta omsyn til når ein skal disponere grovføret og berekne sannsynlig grovføropptak.

Ta førprøver!

Gjennomsnittsverdiar for føranalyser

Tabell 1. Gjennomsnittleg næringsinnhald og gjæringskvalitet i grassurførprøver frå 1.-slåttan hittil i år og i 2014.

	2015 Gj.snitt	2014 Gj.snitt
Tørrstoff%	30,6	33,3
Råprotein g/kg TS	140	158
NDF g/kg TS	533	538
iNDF g/kg NDF	164	185
Sukker g/kg TS	60	45
Fordøyelighet %	72,7	69,9
NEL 20 MJ/ kg TS *	6,11 (0,87 FEm)	5,92 (0,84 FEm)
AAT 20 g/kg TS	82	80
PBV 20 g/kg TS	15	36
Ammoniakk g/kg N	75	65
Mjølkesyre g/kg TS	37	41
Eddiksyre g/kg TS	14	15

* NEL20 betyr NettoEnergi Laktasjon (ved et føropptak på 20 kg tørrstoff) og er det energi-målet ein brukar for storfe i energi- og proteinvurderingssystemet NorForPlan. Måleininga er Megajoule. Dette systemet er enno ikkje i bruk for geit. Vi brukar framleis FEm (Føringingar mjølk) som mål for energiverdi i førmiddel og energibehov hos geita.



er nyttige. Gjennom dei får ein indikasjonar på kva ein skal vere særskild merksam på når det gjeld årets grovfôr. Kvaliteten generelt kan påverke både mjølkeyting og innhald i mjølka i komande sesong. Årets analyser syner, som alltid, store variasjonar. ***I din buskap er det din grovfôrqualität som gjeld og som avgjer korleis du skal sette saman fôrresjonen til geitene.***

*Tekst og foto: Helga Kvamsås
Fagspesialist,
Topp Team Fôring Geit TINE*

Det løner seg å ha kunnskap om grovfôrqualitäteten!

- Kor godt er det beste fôret ditt og når skal du bruke det?
- God tilpassing av protein og kontroll på PBV-nivå i rasjonen er særskild viktig i år.
- Godt planlagt fôring basert på fôranalyser og fôrplan gir det beste grunnlaget for mjølk med høgt TS-innhald og derav god pris.



GJØDSELKJELLERPORT

Kontroll av gjødselporter. Ta alltid en kontroll på gjødselportene dine. Vi har delene på lager. Kanskje den bør skiftes ut?



EIKERPORTEN en markedsleder, hvorfor:

- Den «skreddersys» dvs. den produseres etter ønskelige mål.
- Enkel å montere (ca. 4 L.) gjør det selv.
- Åpnes og lukkes på 1 min.
- Prisen er gunstig.



Aggro - Bygg & Teknikk AS
N-3174 Revetal
Tlf.: 33 06 27 65 - 95 06 58 80
www.agrobygg.no

Velkommen til vårt

FABRIKKUTSALG

Me tek imot skinn for beredning

Stort utvalg i skinn av sau, rein, geit, samt lær og andre produkter. *Velkommen!*

Besøk våre nettsider for info om beredning og salg av norsk produserte skinn.



www.granberggarveri.no